

Innkomne uttalar frå melding om oppstart av frivillig vern av skog – Berget naturreservat, Vindafjord kommune

Fylkesmannen sendte 20. november 2020 melding om oppstart av verneprosess for frivillig vern av skog på Berget i Vindafjord kommune.

Det kom i alt sju (7) merknader til meldinga om oppstart av frivillig vern. Her samanfattar me fråsegna og legg til vår vurdering.

Språkrådet har vurdert namneform for verneområdet og stør skrivemåten Berget naturreservat.

Fylkesmannen tek fråsegna til orientering.

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard har vurdert om området rører ved registrerte mineralressursar. Dei har ingen merknader til oppstart av frivillig skogvern på Berget i Vindafjord kommune.

Fylkesmannen tek fråsegna til orientering.

Statens vegvesen har vurdert om området rør ved vegnett, transport eller trafikktryggleik. Dei har ingen merknadar til oppstart av frivillig skogvern på Berget i Vindafjord kommune.

Fylkesmannen tek fråsegna til orientering.

Forsvarsbygg uttalar seg med omsyn til Forsvarets arealbruksinteressar. Dei ber om at det i forskrifta under spesifiserte dispensasjonsreglar blir opna for øvingsaktivitet.

Fylkesmannen tek fråsegna til orientering. Området som ligg i vernet er svært sårbart. Furuskogen er i all hovudsak ei bratt skråning ned mot fjorden med lågurt til kalklågurt markslag. Dette er svært rike naturtypar som er sjeldne i Rogaland. På grunn av jordsmonnet, markslaget, og brattheita i skråninga er staden svært utsett for erosjon. Tidvis betydeleg ferdsel i område vil ha negative følgjer for naturtypen og arts mangfaldet ved å auke erosjonsfaren. Spesifiserte dispensasjonsreglar er i stor grad brukt til tiltak der det er forventa at forvaltingsmynde skal gi løyve, men på eventuelle vilkår. Ei betydeleg ferdsel i området er ikkje foreinleg med føremålet, og difor ønskjer ikkje me å opna for forsvarets øvingsaktivitetar utover det som ligg i operativ aktivitet.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har ingen merknadar til oppstart av frivillig skogvern på Berget i Vindafjord kommune.

Fylkesmannen tek fråsegna til orientering.

Landbruksdirektoratet har vurdert landbruksinteressene i området, og kjem med generelle merknadar om at landbruksinteresser blir ivareteke gjennom forskrift.

Fylkesmannen viser til ordninga frivillig skogvern er eit samarbeid mellom Landbruksdirektoratet og Miljødirektoratet, der skogeigarlaga representerer grunneigarane og næringsinteresser. Forskriftene blir lokalt tilpassa, også med omsyn til jordbruk, beite, skogbruksinteresser i tilgrensande areal. Me gjer Landbruksdirektoratet merksam på at området ligg ved fjorden og det er verken reindrift eller seterdrift i det aktuelle området. Ytterlegare merknadar frå Landbruksdirektoratet blir handsama gjennom forskrift og følger av mal for forskrift.

Vindafjord kommune har peika på at bygda Ølmedal har juletreproduksjon som ei viktig næring. Dette inneber produksjon av framande treslag som fjernast før kongleproduksjon, og dermed utgjer ikkje noko trugsel mot biologisk mangfald.

Fylkesmannen er kjent med juletreproduksjon i områda nord for Stjørnefjellet. Å nytte framande treslag er omfatta av forskrift om utsetting av framande treslag til skogbruksføremål. Ved løyve til utsetting av framande treslag for juletreproduksjon blir det normalt gitt vilkår om fjerning av dei einskilde trea før dei når kongleberande alder. Dette inneber også individ som ikkje eignar seg til sal som juletre. Dersom vilkåra i løyva blir følgt så er framande treslag til juletreproduksjon uproblematisk for biologisk mangfald i vernet. Tiltakshavarane for juletreproduksjonen er ansvarleg for å hindre spreiding av framande treslag frå sitt tiltaksområde.